KLASSEKAMPEN Venstresidas dagsavis

# Ei viktig og særs velkomponert

Klassekampen. 26.05.2017. Side: 22

Elin Høyland

førestilling som bør lyttast til.

«11 år»

Det Norske Teatret

Av: Goksøyr & Martens.

Regi: Toril Goksøyr og Camilla Martens

Scenografi og kostyme: Olav Myrtvedt

Dramaturgi: Ingrid Weme Nilsen.

Med: Kjersti Dalseide, Julie Moe Sandø, Jon Bleiklie Devik, Agnes Kittelsen, Oddgeir Thune, Benjamin Haug Hagen med fleire.

MELDING

Scenekunstnarane Toril Goksøyr og Camilla Martens gjer for det norske teateret det den franske nybølgja gjorde for filmkunsten, og det «Skam» gjer for tv-genren: Det verkelege får kunsten som ramme for å framheve seg sjølv, med estetiske verkemiddel som løfter fram det autentiske mennesket og våre forsøk på å nå ut til og skjule oss for kvarandre.

Duoen har i løpet av to tiår utvikla sin eigen form for realisme i skjeringspunktet mellom billetkunst, teater og performance, og med førestillinga «11 år» gir dei publikum eit rystande utsnitt av møtet mellom foreldre og skuleverk i etterkant av sjølvmordet til ei elleve år gamal jente.

Førestillinga er basert på forsking og intervju frå ulike fagposisjonar og foreldre, men er så iscenesett gjennom ei fiktiv forteljing. Her bli grunntematikken – at små barn faktisk kjem i situasjonar kor dei ønsker, og nokre gonger gjennomfører å ta sitt eige liv – belyst.



22 Fredag 26. mai 2017 KULTUR&MEDIER KLASSEKAMPEN

PÅ BØLJAN BLÅ: Geoffrey Rush som kapteinan Barbossa er ein av dei som held filmen flytande. FOTO: DISNEY

## Femte film på daud manns kiste

Guri Kulås
FILM

**«Pirates of the Caribbean: Salazar's Revenge»**
(USA, 2017)
**Regi:** Espen Sandberg, Joachim Rønning.
**Manus:** Jeff Nathanson, Terry Rossio.
**Med:** Johnny Depp, Kaya Scodelario, Brenton Thwaites, Orlando Bloom, Javier Bardem, Geoffrey Rush.
**Lengde:** 2 t. 8 min.

MELDING

★★☆☆☆☆

På tide å gravleggja Jack Sparrow for godt?

**Gamle skipperskrøner** blir gjerne betre med åra etter kvart som dei blir raffinerte gjennom tallause repetisjonar. Stikk motsett er det med filmserien «Pirates of the Caribbean», som i si femte utgåve er ein nær livlaus klon av originalen. Serien byrja som grovkorna, men herleg harselering over piratromantikk. No er han redusert til platt nostalgi med sexistiske vitsar.

**Endå ein gong** handlar det om ein eventyrlysten ung mann (Brenton Thwaites) og ei handlekraftig ung kvinne (Kaya Scodelario) som søkjer forsoning med fråverande fedrar og som begge må få hjelp hos den duglause piraten Jack Sparrow (Johnny Depp). Alt avheng av at dei finn sjølvaste Poseidons trefork. Den greske havgudens septer kan nemleg løysa alle mytiske forbanningar til sjøs. Til dømes kan forken fri dei som er dømde til å segla med Den flygande hollendaren, det legendariske spøkjelsesskipet som har dukka opp fleire gonger i filmserien. Og sannelege er det også endå ein gong Jack Sparrows magiske kompass som utløyser handlinga. Ein kunne ha nemnt mange andre resirkulerte element.

**Vi kan tola** ein del repetisjon, for hovudattraksjonen med «Pirates of the Caribbean» er i første rekkje handling, skrekk og komikk formidla med spektakulære spesialeffektar. Til glede for publikum har det sett ut til å gå sport i animasjonsavdelinga om å designa dei mest imponerande og avskyelege skurkane frå havsens botn.

Det er likevel forskrekkeleg kor fort ein blir blasert i møte med det beste av teknisk filmhandverk, men når dei animerte «skurkane» er under leiing av Javier Bardem, får vi i alle fall ingen problem med å tru at dei meiner alvor. Bardem spelar den avlidne, spanske kapteinen og piratjegeren som har gjeve filmen tittelen «Salazar's Revenge» og som frå bortanfor grava framleis jaktar på Jack Sparrow.

**Sparrow-rolla er** hovudproblemet med filmen. Etter å ha tatt eit tilbakeblikk på film nummer to i serien (som framleis utvida universet), er det ille å sjå kva for eit forfall det har vore i skodespelet til Johnny Depp. Med unntak for små glimt, har han tappa Sparrow for all karisma. Depp får ikkje mykje hjelp av manus, men den komiske timinga hans er òg borte.

Det er vanskeleg å seia om dei preglause regissørane Espen Sandberg og Joachim Rønning kunne gjort noko frå eller til med desse problema. Korkje Javier Bardem eller Geoffrey Rush (den alt kjende Barbossa) har problem med å pusta liv i sine pappfigurar. Dei to held filmen flytande, medan regissørane pøser på med høgt tempo og utmattande, heseblesande musikk.

Guri Kulås
guri.kulaas@klassekampen.no

FILM &serier

FUGLEPERSPEKTIV: I førestillinga «11 år» sit publikum på toppen av eit firkanta stillas, fire meter over scenegol

Sjølvmord blant barn er absolutt ikkje lett

## Sønderknu

Elin Høyland
TEATER

**«11 år»**
Det Norske Teatret
**Av:** Goksøyr & Martens.
**Regi:** Toril Goksøyr og Camilla Martens
**Scenografi og kostyme:** Olav Myrtvedt
**Dramaturgi:** Ingrid Weme Nilsen.
**Med:** Kjersti Dalseide, Julie Moe Sandø, Jon Bleiklie Devik, Agnes Kittelsen, Oddgeir Thune, Benjamin Haug Hagen med fleire.

MELDING

Ei viktig og særs velkomponert førestilling som bør lyttast til.

**Scenekunstnarane** Toril Goksøyr og Camilla Martens gjer for det norske teateret det den franske nybølgja gjorde for filmkunsten, og det «Skam» gjer for tv-genren: Det verkelege får kunsten som ramme for å framheve seg sjølv, med estetiske verkemiddel som løfter fram det autentiske mennesket og våre forsøk på å nå ut til og skjule oss for kvarandre.

Duoen har i løpet av to tiår utvikla sin eigen form for realisme i skjeringspunktet mellom billetkunst, teater og performance, og med førestillinga «11 år» gir dei publikum eit rystande utsnitt av møtet mellom foreldre og skuleverk i etterkant av sjølvmordet til ei elleve år gamal jente.

**Førestillinga er** basert på forsking og intervju frå ulike fagposisjonar og foreldre, men er så iscenesett gjennom ei fiktiv forteljing. Her bli grunntematikken – at små barn faktisk kjem i situasjonar kor dei ønsker, og nokre gonger gjennomfører å ta sitt eige liv – belyst. Men mest av alt ligg det her eit fokus på korleis me som vaksne navigerer i dette landskapet både før og etter ei slik hending. Det er ein brutal tematikk som røsker opp i det smertefulle komplekset knytta til einsemd og konfliktfylte situasjonar for born, kor maktesløyse blir fellesnemnaren for dei vaksne som «skulle ha vore der» når det verste inntreff.

**Dette brutale blir** frå første stund i teatersalen befesta i form av scenografien og publikumsplasseringa. Me sit på toppen av eit firkanta stillas, fire meter over scenegolvet som er omgjort til ein skulegard. Me ser klatrestativ, benk, leikande barn i ulike variantar. Plasseringa set oss effektivt inn i eit gjenkjenneleg dobbelspenn mellom ønsket om oversikt (som her blir innfridd), kombinert med

Men mest av alt ligg det her eit fokus på korleis me som vaksne navigerer i dette landskapet både før og etter ei slik hending. Det er ein brutal tematikk som røsker opp i det smertefulle komplekset knytta til einsemd og konfliktfylte situasjonar for born, kor maktesløyse blir fellesnemnaren for dei vaksne som «skulle ha vore der» når det verste inntreff.

Dette brutale blir frå første stund i teatersalen befesta i form av scenografien og publikumsplasseringa. Me sit på toppen av eit firkanta stillas, fire meter over scenegolvet som er omgjort til ein skulegard. Me ser klatrestativ, benk, leikande barn i ulike variantar. Plasseringa set oss effektivt inn i eit gjenkjenneleg dobbelspenn mellom ønsket om oversikt (som her blir innfridd), kombinert med kjensla av at borna opererer gjennom sine eigne språk, uavhengig av dei vaksne.

Dette står fram for meg som det mest brennande

kritiske punktet i førestillinga: at me lever i ei tid kor ønsket om kontroll og harmoni i skuleverket og kan føre til ei kunstiggjering av barns oppleving av eigne relasjonar. Som mora seier til rektor i førestillinga: «Her i skulegården var det forbudt å seie nei, så alle sa ja til ho, ho kunne få bli med å leike, men så stirra dei på henne heilt til ho gjekk av seg sjølv.»

Det presise tekst- og lydarbeidet i førestillinga forsterkar effekten av fugleperspektivet; me står utanfor, men blir samstundes gitt innsikt. Alle i publikum får øyreklokker frå starten, og me følgjer vekselvis livet og samtaler i skulegarden, over til samtalen mellom foreldre, rektor og lærer på eit lukka møterom me ikkje kan sjå.

Kommunikasjonen i møtet fungerer ikkje, og voksenrollene sirklar rundt ein gjensidig kollaps inn i maktesløysa rundt tapet av elleve-åringen, utan at verken skuld eller forklaringar heilt kan kome for dagen.

Smertenivået er høgt, men Goksøyr & Martens går her eit sjumilssteg med sin eigen metodikk og gir oss kanskje årets viktigaste førestilling med eit tema som fortener all den omsorg og forståing den kan få, fordi me alle er del i våre barns oppvekstmiljø.

teater@klassekampen.no

«Kanskje årets viktigaste førestilling»

© Klassekampen

Les hele nyheten på http://ret.nu/jD7utApm